

# Kyrkjelydsblad for Arna



Nr. 1 JANUAR 1991 24. ÅRG.

# Sundsbø til Lindås

-Det er ikkje lett å bryta opp frå Arna, seier Harald Sundsbø, som i 11 år har vore residerande kapellan i Arna prestegjeld og som no er utnevnt til sokneprest i Lindås, heimkommunen sin.

—Vi har likt oss veldig godt i Arna. Det vil eg seia med ettertrykk, seier Harald Sundsbø. I prestetenesta er det lagt til rette for at ein prest bør flytta litt på seg. Det er både av omsyn til kyrkjelydane og til presten sjølv. Om det ikkje hadde blitt Lindås for oss no, så hadde det blitt ein annan plass noko seinare. Men det har vore godt for oss å vera her i Arna så lenge som vi har vore her. Vi har fått mange venner i Arna.

**Sjå side 4**



# Konsertbegivenheter

**Se side 8**

# Mitt vitnesbyrd

*Av ELISABETH HELLAND*

Tanker om tro og tvil opptar de fleste. En lengsel er nedlagt i ethvert menneske etter noe som går dypere enn materiell velstand, en gudgitt lengsel.

Slik også med meg, selv om jeg ikke forstod det, og lenge holdt fast ved min overbevisning om at Gud ikke kunne finnes. Jeg kunne ikke forstå at kristne mennesker kunne tro det de sa.

Vi fikk imidlertid noen gode kristne venner, deriblant en prest og hans kone. De var aldri påtrengende, men det var åpenbart selv for meg, at de hadde noe godt som jeg stod utenfor.

Da vår eldste sønn gikk til konfirmasjonsforberedelse hos vår prestevenn, begynte min mann og jeg å gå i kirken. Prestens ord, våre venners holdning, min egen ubevisste lengsel, satte i gang en prosess, en søking etter en forankring, en tro.

Jeg tenkte og leste og lyttet, og kom langt om lenge fram til at kanskje var det noe i dette med kristen tro likevel. Jeg forstår godt alle dem som blir stående her, for fremdeles var dette med synd og soning og nåde fremmed, ja i grunnen litt frastøtende.

Han var klok, vår venn som hjalp meg videre. Han sa blant annet: «Det er noe i Bibelen som heter besøkelsestid. Du har din nå. Du kan godt stå der du er nå, men da kan du bli stående der resten av livet. Det er ikke sikkert du får en ny sjanse. Det skal være nattverd på søndag.»

«Nei», svarte jeg, «det kan ikke være nødvendig.»

Jeg rygget tilbake.

«Det er opp til deg,» sa presten, «men din mann har i grunnen vært en kristen hele livet. Dere kan komme begge.»

Den indre kampen ble sterk, men vi gikk begge to til nattverd den søndagen. Etterpå ble alt annerledes for meg. Guds ord ble levende og meningsfylt. Jeg slukte alt jeg kunne få høre og lese om kristendom.

Å se seg selv i lys av Guds ord er vondt, men så møter Gud meg med tilgivelse! Å erfare Guds nåde, møte den levende Gud i Jesus Kristus, det er det største noe menneske kan oppleve. Å kunne møte hver dag tilgitt, og med visshet om at Gud er nær, det gjør livet meningsfylt selv når vanskeligheter, tvil og nederlag melder seg. Jeg har fått et solid fundament for livet, og kan aldri få takke nok for troens gave.

Ett er sikkert: Når Gud har gitt *meg* troen, er det håp for alle.

**Fra boka «Snakk om det»**
**Credo/Nye Luther Fotlag**



# Salmeboka selger best



*-Fem års jubilanten Norsk Salmebok har solgt bedre enn selveste Bibelen, sier styreformann i Verbum Forlag, biskop Georg Hille.*

Norsk Salmebok er en bestselger. Siden den kom ut i 1985 er det solgt ca. 420.000 eksemplarer. Det er mer enn antall solgte bibler i samme tidsrom. Salmeboken er dermed Norges mest solgte bok i perioden 1985-90.

Biskop Georg Hille som er styreformann i forlaget bak Norsk Salmebok, Verbum Forlag, er godt fornøyd med salget. De aller fleste kirker og menighetshus har på fem år gått til anskaffelse av Norsk Salmebok som har overtatt plassen til den kjente «Landstads reviderte». I de tusen hjem er situasjonen annerledes. Der står Landstads utgave fremdeles i hyllene. Nå satser biskop Hille og Verbum Forlag på at salget til privatpersoner skal ta seg opp.

# Gud eller Mammon

— Vi må igjen og igjen omvendes fra avguden Mammon til dyrkelse av den sanne Gud, heter det i heftet «Veien til Damskus» som er utgitt av Kirkens Nødhjelp og Kirkens U-landsinformasjon. Heftet er skrevet av kirkeledere i syv land i Asia, Afrika og Latin-Amerika og utfordrer kirken og de kristne i vår rike del av verden til omvendelse.

Det var på vei til Damaskus Paulus opplevde sin omvendelse fra kristen-forfølger til misjonær. Forfatterne bak heftet mener en like radikal omvendelse er påkrevet i de store misjonskirkene i de rike vestlige land.

I heftets forord skriver biskop Håkon E. Andersen:

— Åpner man seg først for alvoret i dokumentets omvendelseskrav, har man lite å verge seg med. Det engasjerer til dyp ettertanke.

# Harald Sundsbø blir sokneprest i Lindås

-Det er ikkje lett å bryta opp frå Arna, seier Harald Sundsbø, som i 11 år har vore residerande kapellan i Arna prestegjeld og som no er utnevnt til sokneprest i Lindås, heimkommunen sin. —Vi har likt oss veldig godt i Arna. Det vil eg seia med ettertrykk, seier Harald Sundsbø. I prestetenesta er det lagt til rette for at ein prest bør flytta litt på seg. Det er både av omsyn til kyrkjelydane og til presten sjølv. Om det ikkje hadde blitt Lindås for oss no, så hadde det blitt ein annan plass noko seinare. Men det har vore godt for oss å vera her i Arna så lenge som vi har vore her. Vi har fått mange venner i Arna. Harald Sundsbø og familien hans tenkte seg lenge om før det ble avgjort at han skulle søke den ledige stillinga som sokneprest i Lindås. Stillinga vart utlyst to gonger før Harald Sundsbø søkte.



Harald Sundsbø kjem på ein måte heim når han no flyttar til Lindås. Men likevel er svært mykje endra i høve til det Lindås som var då Harald Sundsbø voks opp i denne kommunen. Mongstad-anlegget vil liggja innanfor hans prestegjeld.

Harald Sundsbø flytte til Bergen då han skulle begynne på gymnaset. Men etter alle desse åra har han likevel eindel kjentfolk i Lindås.

Harald Sundsbø voner at han kan vera i Arna til 8. juni. Dette har han avklart med soknerådet i Lindås og har søkt biskopen om ein slik utsett overflytting til Lindås. Det er fordi dei fire barna skal få avslutta skuleåret i Arna at han vil venta litt med å tiltre sin nye prestestilling.

Sundsbø seier at Arna er eit svært allsidig prestegjeld med drabantbyen, industristaden og bygda side om side. Det har vore lett å få innpass i Arna. Det bør vera ein utfordring for kyrkjelydane vidare å få engasjert fleire i menighetslivet. Eg har opplevd at det blant folk flest er ein sterk tilknytning til kyrkja. Denne tilknytningen går langt vidare enn dei som går til gudsteneste om søndagane. Eg skulle ynskje at mange av desse fekk eit større frimod til å vise kva trua betyr for dei.

Harald Sundsbø tek over stilling som sokneprest i Lindås etter Ingvar Fykse, som i sin tur hadde same prestestillinga i Arna før han dro til Lindås som Sundsbø har i dag. Fykse skal no overta ein prestestilling i Time på Jæren. Eg skal ikkje fylgja etter Fykse til Time, seier Sundsbø med eit smil.

Spora mellom Arna og Lindås er også elles godt tråkka opp når det gjeld presteflyttingar. Den førre soknepresten i Arna, Øyvind Øy, var sokneprest i Lindås før han kom til Arna.



# Bladpenger for Kyrkjelydsbladet

I dette første nummeret av kyrkjelydsbladet i 1991 vil du finne en giroblankett. Den kan du bruke til å betale din kontingent for kyrkjelydsbladet for 1991.

Bladkontingenten er på 35 kroner. Kyrkjelydsbladet er avhengig av denne kontingenten for at økonomien skal balansere. Vi setter stor pris på den kontakten vi har gjennom hele året med hele Arna prestegjeld gjennom kyrkjelydsbladet. Vis at du også setter pris på denne kontakten ved å sende din innbetaling av bladpengene. Giroblanketten kan du også bruke til å gi en gave til bladet utover bladpengene. Takk for det som du vil gi.

# Meld fra

Redaksjonen for kyrkjelydsbladet prøver så godt den kan å informere om møter og andre arrangement på det kirkelige felt i Arna. For å kunne gjøre dette enda bedre er vi avhengig av din hjelp. Send oss noen ord når det skal arrangeres kirkelige møter av ulikt slag i Arna. Adressen er: Kyrkjelydsblad for Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

# Antall kristne øker

Bibelspredningen på verdensbasis økte med nesten 40 prosent fra 1980 til 1990. I 1980 ble det distribuert 36,8 millioner bibler verden over. I 1990 er tallet 51,4 millioner. Det totale registrerte antall kristne i verden har side 1980 økt fra 1.432 millioner (1,4 milliarder) til 1.758 millioner (1,7 milliarder)

Tallene stammer fra det amerikanske misjons-magasinet «International Bulletin of Missionary Research».

Magasinets statistikk viser tydelig at det er kirkene i Latin-Amerika og Afrika som vokser mest. Antall kirkemedlemmer i Mellom- og Sør-Amerika var i 1980 349,9 millioner. I 1990 hadde tallet økt til 437,4 millioner. På det afrikanske kontinent har kirkemedlemskap økt fra 164,5 millioner (1980) til 231,0 millioner (1990).

# Nye i Kyrkjelydsbladet



Turid Vie (bildet) har tatt over som forretningsfører for Kyrkjelydsbladet fra årsskiftet. Hun overtar etter Bjørg Hellesøy som i mange år har hatt denne oppgaven. Vi takker Bjørg hjertelig for innsatsen.

Soknerådene i Arna og Ytre Arna har oppnevnt Audun Stølås som redaktør for Kyrkjelydsbladet. I redaksjonsnemnda er Sylvi Sæle, Ingvald Straume og Harald Sundsbø med.

# Gevinstar

Kyrkjeringen i Ytre Arna er i arbeid med å førebu utlodninga til inntekt for Kyrkjelydshuset. Denne utlodninga er viktig for drifta av huset, og om nokon vil vera med å gje gevinstar, kan ein kontakta nokon i kyrkjeringen eller kyrkjekontoret: tlf. 24 85 46. Der er det lettast å treffa nokon onsdag og fredag føremiddag.

# Gåver til kyrkjelydshuset

Soknerådet gjekk for ei tid sidan ut med ein «Gi ein stol»-aksjon til kyrkjelydshuset.

Det har resultert i heile kr. 31.840,-. I tillegg er det gjeve kr. 28.200,- frå einskildpersonar. Ein er sjølvsagt takksam for gåver fortsatt, me vil seia ein hjarteleg takk til kvar einskild gjevar.

# Hordalands-OASE

Hordalans-OASE 1991 er lagt til Nygård Kirke i tidsrommet 15.-17. februar. Mottoet denne gongen er: «Reis deg, Guds menighet!» Mellom talarane er: Tormod Engelsviken frå Menighetsfakultetet, Leif Larsen i «Vårt Land» (tidl. tilsett i IMS) og Anne May Stavenes, som er misjonssekretær i Den Evangelisk Lutherske Frikirke.

Den opne OASE-samlinga tek til fredag kveld.

Fredag formiddag vert det ei eiga leiarsamling.

Brosjyrer får ein ved å venda seg til Oase Hordaland, 5304 Hetlevik.

# Kyrkjekonsert 17. februar

Tunes skule- og ungdomskorps, einaste amatørbrassband i Arnaområdet, vil halda kyrkjekonsert i Arna Kyrkje sundag 17. februar 1991 kl. 17.00.

Forutan korpset vil Breistein Mannskor medvirka.

Konserten har eit variert innhald sm skulle vera interessant for alle, musikk av Bach, Bethoveen, Händel, Grieg, Oscar Borg osv.

Organist Asbjørn Flåm er og medvirkande.

# Mange til gudstenester julaftan

Også dette året var det mange i kyrkjene og kapella i Arna julaftan. I Arna kyrkje var det 3 gudstenester, Ytre Arna 2 og Trengereid og Takvam kapell 1 gudsteneste kvar stad. Alle stader var det fullsette kyrkjer og kapell, og truleg fleire enn tidlegare år. I alt reknar vi med at denne dagen var i alt tilstades 2100 ved desse gudstenestene.

# Res.kap. i militærteneste

Harald Sundsbø er kalla inn til militærteneste 11.3-17.3. I denne tida vil det difor verta ein vikarprest i hans stad.

# Kjernefysiker formann i Arna sokneråd

Jan Marius Olsen er valgt til formann i Arna sokneråd for 1991. Olsen er kjernefysiker av yrke og arbeider til daglig ved Fysisk institutt på Universitetet i Bergen. Han har i mange år vært engasjert i speiderarbeidet i Arna og i menighetsskolen i prestegjeldet. Oddmund Bildøy er valgt til nestformann i Arna sokneråd.

# Musikkandakt

Søndag 3. februar kl. 19.00 vert det musikkandakt i Arna kyrkje.

Der vert songaren Johannes Lyngset med og Jan Inge Andersen vil spela piano.

# ÅRSFEST

Ytre Arna sokneråd innbyr til årsfest i Kyrkjelydshuset søndag 10. mars kl. 17.00.

Der vert kyrkjekoret med, og soknerådet legg fram årsmelding og rekneskap. Kyrkjeringen har trekning i utlodninga til Kyrkjelydshuset, og det vert sjølvsagt bevertning. Alle er velkomne.

# Kyrkjelydsbladet på kassett

Redaksjonsnemnda vil med dette minna om ordninga med at alle blinde og svaksynte kan få tilsendt kyrkjelydsbladet innlese på ein lydkassett. Dette kostar ikkje noko ekstra. Slike sendingar går utan porto, og etter ein har høyrt kassetten, kan den sendast tilbake gratis. Det vil vera fint om dette tilbodet vert kjent for fleire. Så kjenner du nokon som kan ha nytte av det, ta kontakt med dei.

For å koma med på ordninga kan ein kontakta kyrkjekontora: tlf. 24 04 00 i Arna eller 24 85 46 i Ytre Arna.



# Gedigen misjonssamling i Bergen



*Arna-mann Martin Risøy (nr. 3 frå venstre i første rekke) frå Ytre Arna er med i hovudkomiteen for generalforsamlinga.*

Til sommaren feirar landets største misjonsorganisasjon 100-års jubileum og samlar troppane til generalforsamling i Bergen.

—Vi legg opp til å ta imot 4500 til maksimum 6000 menneske på møta, seier krinssekretær Kjell Mjeldstad som er formann i hovudkomiteen for generalforsamlinga.

Det var i Bergen Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) vart starta, og 3. til 7. juli møtest «sambandsfolk» frå heile landet i vestlandets hovudstad for å høgtida jubileet.

-Vi ønskjer først og fremst at det skal bli ei samling der Gud får møta oss gjennom sitt ord. Dernest ønskjer vi det skal verta ei samling der Gud kan fornya kallet vårt og gje oss nye visjonar for framtida, seier generalsekretær Egil Grandhagen i NLM. Han understrekar også at eit hundreårsjubileum innbyd til takknemleg tilbakeblikk.

Kjell Mjeldstad reknar med at frammøtet vil liggja på mellom 4500 og 6000 på dei best besøkte møta.

Bergenshallen vil vera hovudhallen under samlinga, men Gimlehallen vil óg bli nytta. I tillegg har ein leigd lokale til gatekjøkken, stands, spebarnsavdeling, matøkter, innkvartering og campingplass. Arrangørane reknar med å ta imot 1200-1500 born og unge, og det er bestilt tre skular til aktivitetsplass for desse aldersgruppene.

Ei slik storsamling krev også eit grundig førearbeid. Alt på denne sida av nyttår er bortimot nitti menneske i gang med å førebu generalforsamlinga. Hovudkomiteen har ti underkomitear under seg, komitear som syslar med kvar sine praktiske emneområde — alt frå økonomi til dekorasjonar og transport.

# Hildre-konsert



*Per Oddvar Hildre i aksjon under konserten i Arna kirke.*

Per Oddvar Hildre, kjent som dirigent for koret SKRUK, holdt korseminar for 115 sangere i Arna i begynnelsen av januar. Seminaret ble avsluttet med en konsert i Arna kirke, og det ble litt av en opplevelse. Sanger fra en reke ulike genrer stod på programmet. Ikke minst vakte sangen Slipp mine fløyter fri stor begeistring under konserten i Arna kirken. Denne sangen er laget under et besøk som Hildre sammen med tekstforfatter og plateprodusent Erik Hillestad avla hos en indianergruppe i Sør-Amerika. Den chilenske folkemusikkgruppen Malku deltok under konserten. Seminaret og konserten ble arrangert av Arna Kammerkor under sin dirigent, kantor Asbjørn Flåm.
Det er andre gang Hildre holder seminar i Arna. Jeg kommer mer enn gjerne tilbake. Her er det ekte korglede, sier Hildre til Bygdanytt.

Også i Ytre Arna kirke var det en stor konsertbegivenhet i begynnelsen av januar. Frammøtet var også godt til konserten med Bergen Nord kammerkor, Ytre Arna kirkekor. Tone Kvam Thorsen og en gruppe fra Ytre Arna barne- og ungdomskor. Begge disse konsertene har gitt en god start for den videre korsang i Arna i 1991.






# UNG KIRKEOPPFATNING:

***Ingvald Straume har laget denne tegningen som etter vår ringe tolkning må inneholde en kommentar av kirken og kirkefolket. Kanskje er det slik å forstå at tegneren mener at kirkemenneskene blir svært like og kanskje litt rare. ?***

## Eldretreff på Flatane

Eldretreff i Trygdebustadane på Flatane, Ytre Arna tek til att fredag 1. februar kl 17.00.
Alle eldre er velkomne.

## Dugnad på kyrkjelydshuset i Indre Arna

Arbeidet med å få kyrkjelydshuset ferdig går jevnt og trutt framover. Heile l. etage med mellom anna eldresenterdelen, vart ferdigstilt sist haust. Dugnaden held fram og dugnadsdagar og tider no framover vert: Kvar tysdagskveld frå kl. 17.30 til kl. 21.30 Kvar laurdag frå kl. 8.30 til kl. 15.30 Har du litt tid til overs og lyst å hjelpa til, så er du hjarteleg velkommen på dugnad. Spørsmål om dugnaden kan rettast til : Leif Grøteide, tlf. 24 33 88.

# KYRKJELYDSSTATISTIKK

I kvar kyrkje vert det ført statistikk over ei rekkje ting. Av statistikken for 1990 tek vi med: (Tala for 1989 står i parantes).

| | ARNA | | YTRE ARNA | |
|---|---|---|---|---|
| Talet på gudstenester | 90 | (77) | 57 | (57) |
| Frammøte ved alle gudstenester | 17.650 | (17.510) | 4.562 | (4.478) |
| Frammøte ved ordinære gudstenester søn- og helge-dager | 9.912 | (10.725) | 2.975 | (2.964) |
| Gjennomsnittleg gudstenestedeltaking søn- og helgedagar | 168 | (173) | 69 | (66) |
| Døypte | 112 | (117) | 45 | (30) |
| Konfirmerte | 125 | (154) | 38 | (37) |
| Vigde i kyrkja | 24 | (32) | 8 | (4) |
| Gravferd | 46 | (74) | 37 | (12) |
| Utmelde or kyrkja | 9 | (12) | 3 | (1) |
| Innkome ved Offer/kollekt | 199.160 | (204.562) | 66.464 | (70.141) |

Av dei som har meldt seg ut av kyrkja i Arna har 2 meldt seg inn i eit anna kyrkjesamfunn.

I Trengereid kapell kom det inn kr. 15.783 (16.663) og i Takvam kapell kr. 8.739 (kr. 8.014) i offer/kollekt. I Trengereid kapell har det vore 15 gudstenester, på Takvam 9 og på Haukeland/Unneland 1 gudsteneste. Deltakartalet på gudstenestene på Trengereid var 1.080 og på Takvam 575.

# Fellesmøte på Bibeldagen 27. januar

Også dette året vert det fellesmøte i kyrkjene på Bibeldagen.

**Arna kyrkje 27.1.** kl. 19.00
Tale ved sokneprest Nese.
Musikklaget i Indre Arna bedehus vert med, og Pinsemenigheten, Frie Evangeliske, Misjonsforbundet og Indremisjonen er med på dette møtet.

**Ytre Arna kyrkje** kl. 19.00.
Her er det Indremisjonen, Pinsemenigheten og soknerådet som er saman om møtet.

Ved begge møta vert det kollekt til Bibelmisjon.


**KIRKENS SOS**
SENTER FOR SAMTALE
ÅPENT KL. 1900 TIL 0700

**KIRKENS SOS TRENGER MANGE NYE FRIVILLIGE MEDARBEIDERE:**

Du må være kristen, minst 22 år og lojal mot Den Norske Kirkes bekjennelse.

Før du går inn i tjenesten er du med på et 10-kvelders innføringskurs. Så lenge du er med i tjenesten er du også med i en samtalegruppe. Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten.
Våre medarbeidere er alle amatører. Vi ønsker først og fremst å lytte, være et medmenneske for dem som trenger det.

Er du interessert?
Kontakt oss snarest.
Tlf. 23 30 80, mand.-fred. kl. 11-14.







Kyrkjelydsbladet har fått tilsendt fleire nye bøker frå Verbum forlag, og denne gongen vert det ei kort orientering om to av dei.

**1. Per Arne Dahl: Håndtrykk.**
Boka er ei samling av små artiklar forfattaren har skrive i Aftenposten som «helgeskribent» gjennom fleire år. Artiklane er meint som varme håndtrykk til menneske i ulike situasjonar.

Det vert teke utgangspunkt i kvardagslege opplevingar og forfattaren gjev gjennom dei små glimt av skattane i kristentrua. Per Arne Dahl har tidlegare kome med fleire bøker som har fått ein vid lesarkrins, og det er særleg emne innan feltet livsproblem og kristen tru han har arbeidd med.

Denne boka er ikkje noko andaktsbok i tradisjonell meining. Men her er mykje for tanken og trua å arbeida med. På bokomslaget vert innhaldet omtalt som «livsbetraktninger under åpen himmel», og eg vil tru at det er mange som vil kunna oppleva det som gode «håndtrykk» med den enkle og forståelege form forfattaren brukar.

**2. Ralph Gower: Bak Bibelen.**
Dette er ei praktbok både for dei som les Bibelen og dei som har vore i Bibelens land. Boka gjev ein mengde kunnskap om dagleglív i bibelsk tid og er rikt illustrert med over 160 bilete og mange andre illustrasjonar. Mange av bileta er i fargar, og dei som har vore i Israel, vil nok kjenna seg att ein del stader.

Men framfor alt er det dagleglivet i bibelsk tid boka handlar om. Det gjeld det individuelle familielivet og nasjonale institusjonar og skikkar.

Det er ei mengde tilvisningar til Bibelen, og bak i boka er det og register over dei tilvisningane.

Boka er eit godt hjelpemiddel for å gjera bibellesinga rikare, og ho er og ei fin ressursbok for lærarar og andre som arbeider med undervisning om Bibelen, for å få innblikk i ting som ligg bak tekstane.

**Harald Sundsbø**

# Organisasjon mot maktesløshet

Til tross for 20-30 år med utviklingshjelp er det idag flere mennesker i verden som sulter enn noensinne. Hvert år dør 40-50 millioner mennesker av sult.

Dette ligger bak den forholdsvise nye menneskerettighetsorganisasjonen FIAN (Foodfirst Information & Action Network). Organisasjonen der norske Kirkens U-landsinformasjon er engasjert, arbeider blant annet med brevaksjoner til sentrale og lokale myndigheter og til flernasjonale selskaper. FIAN er særlig opptatt av å forsvare befolkningsgrupper som er fratatt muligheten til å brødfø seg selv.

- Jeg utfordrer alle som ikke allerede har blitt grepet av maktløshet, til å melde seg inn i FIAN og delta i aksjonene for de svakeste i vår verden, sier lederen for Kirkens U-landsinformasjon Stein Erik Horjen.

Adresse til FIAN, Norge er:
Postboks 5913 Hegdehaugen, 0308 Oslo 3


**SAMDALS** BYRÅ
**JONSVOLLSGATEN 1**

**90 19 80 hele døgnet**
***Kommer også hjem for samtale.***
**J. Teigland tlf. privat: 24 22 23**

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**
09.12: Lise Marie Magnussen Olsen, Karoline Engen Tveitevåg
15.12: Yvonne Susann Fadnes. Døypt i Bergsdalen.
16.12: Sondre Eriksen Horvei.
23.12: Karoline Marie Ljones Fjærestad.
25.12: Helene Katrine Kvam
30.12: Therese Kristensen, Thomas Hausvik Andersen.

**Ytre Arna sokn:**
25.11: Fredrik Martin Nesttun, døypt i Birkeland kirke.
02.12: Stine Brunborg, Sondre Larsen Hirth, Lise Merete Dochedahl Sørеide.
16.12: Even Vatle Rolland.

## † Døde

**Arna sokn:**
24.11: Reidar Andersen, f. 1921
24.11: Maria Mjelde, f. 1921
25.11: Ragnhild Elin Ringø, f. 1923
03.12: Georg Johan Rønhovde, f. 1912
25.12: Ingolf Bertin Andersen, f. 1914
27.12: Anna Olaug Reknes, f. 1909
31.12: Inge Solend, f. 1922

**Ytre Arna sokn:**
30.09: Klara Nævdal, f. 1903
27.11: Trygve Jahn, f. 1959
01.12: Gudrun Stamneshagen, f. 1913
04.12: Erling Haukaas, f. 1908
10.12: Kari Rolland, f. 1895



## Ofringar

**Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 25.11: | Kyrkjelydshuset | 1.929.- |
| 02.12: | Kyrkjelydsarbeidet | 7.906.- |
| 02.12: | Kyrkjelydsarbeidet | 1.698.- |
| 09.12: | Hjemmenes Dåpsring | 2.274.- |
| 16.12: | Kyrkjelydsarbeidet | 1.313.- |
| 24.12: | Kirkens Nødhjelp | 8.862.- |
| 24.12: | Kirkens Nødhjelp | 7.572.- |
| 24.12: | Diakoniutvalet | 5.475.- |
| 25.12: | Det norske misjonsselskap | 6.745.- |
| 26.12: | Kyrkjelydshuset | 2.087.- |
| 30.12: | Kirkens Sosialtjeneste | 1.990.- |
| 01.01: | Kyrkjelydsarbeidet | 1.322.- |

**Ytre Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 02.12: | IKO | 1.730.- |
| 09.12: | Kristelig Kringkastingslag | 752.- |
| 16.12: | Kalfarkollektivet | 742.- |
| 16.12: | Kyrkjekoret (Julekonsert) | 3.106.- |
| 24.12: | Kirkens Nødhjelp | 8.000.- |
| 25.12: | Det norske misjonsselskap | 1.563.- |
| 30.12: | Kyrkjelydsarbeidet | 733.- |

**Trengereid:**

| | | |
|---|---|---|
| 24.10: | NLA | 1.589.- |
| 15.11: | Skulens U-landsaksjon | 1.500.- |
| 24.12: | Kirkens Nødhjelp | 1.214.- |
| 25.12: | Misjonsselskapet | 670.- |



## Dåpssøndagar

**Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:**

**Arna kyrkje:**
17.02, 03.03, 17.03, 31.03.

**Ytre Arna kyrkje:**
03.02, 17.02, 17.03, 31.03.
I Ytre Arna kan ein og ha dåp når det er nattverd: 03.03 og 10.03.

## KYRKJESKYSS FRÅ HAUKELAND/UNNELAND

| | | |
|---|---|---|
| 27.01: | Sverre Myklebust | Tlf. 24 29 05 |
| 03.02: | Berit Haugsvær | Tlf. 24 08 15 |
| 10.02: | Ingrid Hope | Tlf. 24 08 08 |
| 17.02: | Nils Minde | Tlf. 24 01 54 |
| 24.02: | Magne Mestad | Tlf. 24 00 14 |
| 03.03: | Sverre Myklebust | Tlf. 24 29 05 |
| 10.03: | Berit Haugsvær | Tlf. 24 08 15 |
| 17.03: | Ingrid Hope | Tlf. 24 08 08 |
| 24.03: | Nils Minde | Tlf. 24 01 54 |

## KYRKJESKYSS FRÅ GARNES, ROMSLO OG TUNES

Diakoniutvalet i Arna vil ordna med skyss heim igjen for dei som har trong for det etter gudstenestene i Arna kyrkje søndag formiddag. Bruk den vanlege rutebussen frå Tunes til kyrkja. Gje melding til kyrkjeverten om at du treng skyss heimatt, så vil diakoniutvalet ordna med det.

# MØTER

**Betania, Lone**
03.02: Møte v/NLM.
07.02: Årsmøte v/NLM
10.02: Familiemøte kl. 16.30 v/Indremisjonen.
12.-17.02: Møteveke v/BUF.
21.02: Nattverdmøte
24.02: Møte v/NLM
28.02: Bibelgruppe
03.03: Møte v/Indremisjonen
07.03: Møte v/Indremisjonen
10.03: Møte v/BUF
12.-17.03: Møteveke v/Misjonsselskapet.
21.03: Bibelgruppe
23.03: Møte v/BUF
24.03: Møte v/NLM
28.03: Nattverdmøte

**Ytre Arna bedehus:**
5.-10.3: Møteveke v/Misjonssambandet. Talar Erleiv Matre.
16.03: Årsmøte v/Santalmisjonen

**Haugland bedehus:**
27.01: Møte v/Muhammedanermisjonen kl. 11.00. Talar landssekr. Magne Solsvik.
29.01: Samtalemøte
12.02: Møte. Brit og Arnfinn Norheim vitnar og syng.
26.02: Årsmøte v/Indremisjonen
12.-17.03: Møteveke v/Indremisjonen. Talar Audun Hjellvik.

## Arna Bedehus:

JANUAR
Sundag 27. Ikkje møte grunna fellesmøte i kyrkja.
Torsdag 31. kl. 19.30. Nattverdmøte.
FEBRUAR
Sundag 3. kl. 18.00. Møte Israelsmisjonen v/Siddi Deutsch og Harald Sundsbø.
Torsdag 7. kl. 19.00. Årsmøte for Arna Indremisjon.
Laurdag 9. kl. 19.30. Ungdomskveld.
Sundag 10. kl. 18.00. Sundagssamling.

I tida 12-17 februar, møteveke for Indremisjonen. Talar Anita Andersen.

Torsdag 21. kl. 17.00. Eldretreff.
Sundag 24. kl. 18.00. Møte vedr. felles aksjon i kyrkja hausten 91.
Onsdag 27. kl. 19.30. Møte Den kristne ambasade v/Berentsen.
Torsdag 28. kl. 19.30. Bøne- og vitnemøte.
MARS
Sundag 3. kl. 18.00. Sundagssamling v/Helga og Peder Leithaug.

**ARNA PRESTEGJELD**
**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
Torsdag kl. 17.30-19.00.
**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 24 85 46.
**Kontortid:** Tysdag kl. 17.00-18.00.
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

# Malerier til Kirkens Nødhjelp

For halvannet år siden fikk Kirkens Nødhjelp tilsagn om en usedvanlig gave. Maleren John Collett Anker hadde bestemt seg for å forære store deler av sitt livsverk til organisasjonen. 200 malerier med motiver fra Norge og Spania ble tilbudt for salg til inntekt for mennesker i nød. 20. november 1990 ble rundt 100 av maleriene stilt ut i Det Norske Teatret i Oslo. Utstillingen er nå på vandring til byene Kristiansand, Sandnes og Gjøvik. Samlingen til en verdi av 2,5 millioner kroner, er blitt til i løpet av det meste av malerens produktive liv.

— Jeg har ikke bruk for så mange penger selv, sier John Collett Anker som tidligere har gitt malerier til både Amnesty International og Blindeforbundet.

Informasjonssjef Egil Hauge i Kirkens Nødhjelp er begeistret over den store kunstner-gaven til internasjonal nødhjelpsarbeid:

— På denne måten får kunsten ringvirkninger langt utover det å glede dem som får se bildene, sier Egil Hauge.

# Kyrkjelydsskule — Ytre Arna

Samtalekveldane i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna held fram, og det er sett opp 3 datoar:
30. januar
13. februar (kombinert med gudsteneste)
19. mars

Ta med matpakke. Kaffe og te vert servert.
*Alle er velkomne til å vera med.*


**Tannlege MNTF**
**LINE BORJA**
tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.
Tlf. 24 02 46
mellom 8-15.30.
Kveldstid og lørdager etter avtale.



**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna
**Redaktør:** Audun Stølås
**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ingvald Straume og Harald Sundsbø
**Forretningsførar:** Turid Vie
**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01.01856
Trygt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna



**ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ**
**Kåre Bj. Hope**
*Står til teneste med alt ved dødsfall.*
Kransebinderi, sløyfetrykkeri.
Annonser, sanger, båretransport.
**TLF. 24 08 08**




# DAGSEMINAR OM DIAKONI

Diakoniutvala i Indre Arna og Ytre Arna ber inn til eit seminar om diakonien i kyrkjelydane:

Lørdag 2. februar kl. 10.00 - 14.00 i Kyrkjelydshuset i Indre Arna. Diakonikonsulent Magne Osland gjev ei innføring i diakonalt arbeid og kva oppgåver som er aktuelle å prioritera i kyrkjelydar der ein ikkje har tilsett personell i diakoniteneste. Ein vil spesielt snakka om besøkstenesta. Enkel servering. Alle er hjarteleg velkomne.

# Ytre Arna kyrkje

Søndag den 10. februar kl. 19.00 framfører Ytre Arna kyrkjekor i samarbeid med Skjold kyrkjekor Egil Hovlands: «Pilgrimsmesse». Dirigent er Anne Randine Øverby. Res. kap. Sundsbø.


**Spesialforretning i blomster**
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.
**Espeland Gartneri**
5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland
**5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96**

Banken i Arna frå 1866
**SPAREBANKEN VEST**
AVDELING ARNA
*– til bygdefolket sitt beste*

**FOKUS Bank**
Banken i Arna – for Arnafolk,
der alle kundar, store og små,
er hjarteleg velkomne.
FOKUS BANK
avd. Arna

*BLOMSTER*
til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.
**24 25 95**
a.s. Sarepta
5260 Indre Arna

**Solstrands Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
**Solstrand Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
*Alltid til tjeneste*

# Velkomen til kyrkje

| | |
|---|---|
| JAN. 20. | *Vingardssøndagen — Matt. 20. 1-16*<br>**Arna kl. 11.** Sokneprest F. Halle Tvedt. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Søndagsskule.<br>**Ytre Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Takkoffer til Bibelmisjonen. |
| JAN. 27. | *Såmannssøndagen — Luk. 8, 4-15.*<br>**Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Arna Kammerkor. Takkoffer til Bibelmisjonen. Søndagsskule.<br>**ARNA kl. 19.** Fellesmøte. Tale v/sokneprest Nese. Kollekt til Bibelmisjonen.<br>**Ytre Arna kl. 19.** Fellesmøte.<br>**Trengereid kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Takkoffer til Institutt for kristen oppseding. |
| FEB. 3. | *Kristi forklåringsdag Ap.gj. 1. 9-18.*<br>**Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Barnekantoriet. Kyrkjekaffi.<br>**Arna kl. 19.** Musikkandakt. Johannes Lyngset, Jan Inge Wiig Andersen.<br>**Ytre Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Borna sin misjonsdag. Res.kap. Sundsbø, Ytre Arna barne og ungdomskor. Takkoffer til Misjonsselskapet. Kyrkjekaffi.<br>**Takvam kl. 16.** Sokneprest Nese. |
| FEB. 10. | *Søndag før faste Luk. 18. 31-43.*<br>**Arna kl. 11.** Forstandar Øyvind Øy. Takkoffer til ungdomsmisjonen. Nattverd. Søndagsskule.<br>**Ytre Arna kl. 19.00.** Pilgrimsmesse. Ytre Arna kyrkjekor, Skjold kyrkjekor, res.kap. Sundsbø, sokneprest Per Inge Eide. |
| FEB. 13. | *Oskeonsdag. Matt. 6. 16-18.*<br>**Arna kl. 20.** Sokneprest Nese. Nattverd.<br>**Ytre Arna kl. 19.30.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. |
| FEB. 17. | *1. s. i faste Matt 4. 1-11*<br>**Arna kl. 11.** Bibelskulerektor Karl Johan Hallaråker. Takkoffer: Forkynnar- og leiarringen.<br>**Arna kl. 17.** Konsert v/Tunes skule- og ungdomskorps.<br>**Ytre Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Takkoffer til Blå Kors. Kyrkjekaffi. |
| FEB. 20. | **Takvam kl. 19.30.** Fastegudsteneste. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. |
| FEB. 24. | *2. s. i faste 1. Mos. 32, 24-30*<br>**Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.<br>**Trengereid kl. 11.** Gudsteneste. |
| FEB. 27. | **Arna kl. 20.** Fastegudsteneste. res.kap. Sundsbø. Nattverd. |
| MARS 3. | *3. s. i faste. Luk. 11. 14-28.*<br>**Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese.<br>**Ytre Arna kl. 11.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |
| MARS 6. | **Trengereid kl. 20.** Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Nattverd |
| MARS 10. | *Midfaste Joh. 6. 1-15.*<br>**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.<br>**Ytre Arna kl. 11.** Erleiv Matre og res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Misjonssambandet. |
| MARS 17. | *Maria bodskapsdag Luk. 1. 26-38*<br>**Arna kl. 11.** Gudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.<br>**Ytre Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese, Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Santalmisjonen. |